

Kleppe- området

gard og slekt



Knut Raastad, januar 2024



Foto: Ahlberg, Gunvor

Gudbrandsdalsmusea

Kleppegardane.

Hekkje, Dalom og Nårstad

På 1500-talet vart det nemnd overdraging av Kleppe med Hekkje og Dalom. Hekkje er lengst vest på Kleppejordet, medan Dalom nok er nedover mot Ner-Bråtå som også har namnet Dalbakken på ein del av eigedommen. Om Dalom har vore eit eige bruk i gammal tid er likevel usikkert. Stadnamnkart viser at det er gamle tomter ved huset som Gunnar og Anna Kleppe bygde og at dette kan vera der gardstunet på Kleppe har vore. Men på båe sider av Kleppevegen frå avkjøringa av Sjørdalsvegen heiter det Nårstadmyra og ned på jordet er Nårstadåkeren, så truleg har desse tomtene vore gardstunet på Nårstad.

Kleppe

Om lag år 1600 vart Kleppe delt i to, nordgard og sygard. På 1700- og 1800-talet kom det til mange husmannsplassar under Kleppe. Fleire av desse er store gardsbruk i dag, medan enkelte plassar ikkje eksisterer i dag. Også på 1900-talet vart det frådelt jord frå Kleppe til oppbygging av nye bruk. Det gamle gardstunet på nordgard Kleppe vart frådelt og seld i 1966 og nytt gardstun vart bygd frå 1962.

Nordgard Kleppe	side 4
Skoglund	side 6
Åsen	side 7
Kleppehaugen – Dammen	side 11
Jukulen	side 12
Øygarden	side 14
Sygard Kleppe	side 15
Bråtå – Bråtåhaugen	side 19
Ruskelykkja	side 26
Bergum	side 27
Granheim – Nyheim	side 29

På 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til gards- og slektshistorie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljningar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljningar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøking av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.

Kleppe

Ivar Kleiven skreiv at Jo Andersen Kleppe levde midt på 1300-talet. Han hadde ei dotter og sonen

Anders

Anders Jonsen sat på Kleppe neste 50 år til ca.1439. Han var gift med Ingebjørg Kolbjørnsdotter frå Lom, dei hadde ikkje barn.

Syster til Anders Jonsen var gift med Paal List, dei hadde sonen

Tostin, hadde sonen Sjugurd d.ca.1470

Olof

Guri

Sjugurd Tostensen List fekk i 1439 gavebrev på Kleppe frå bror til bestemora Anders Jonsen Kleppe, Anders og Ingebjørg skulle ha føderåd. Sjugurd var med da sysselmannen Beinkt Hartviksen vart slege i hel i 1446. Sjugurd hadde 3 barn:

Anders

Arne

Ymbjør

Synneve Ivarsdotter fekk ved skifte i 1463 Hegne (Hekkje) i Sjørdalen.

Anders og Arne brukte Kleppe saman og dei fekk også tak i Rottem og Austrem. Anders hadde sonen Jo, Arne hadde sonen Anders.

Jo overtok Kleppe med Hekkje og Dalom, Anders fekk bl.a. Rottem og Austrem samt Berge i Gausdal der han busette seg. Jo fekk også tak i Mo.

Jo Andersen var gift med Brit Endresdotter truleg frå Bjølstad, dei hadde sonen

Knut

Jo vart gift på nytt med Aagot, dei hadde sonen

Anders

Anders fekk Rottem og Ellingsbø og kom til Ner-Bjørnstad. Knut Jonsen overtok rundt 1550 halve garden, den søre, og ei syster den nørde. Men om lag 1580 hadde Knut overteke heile Kleppe.

Knut Jonsen Kleppe f.ca.1520 d.ca.1590 var eigar av heile Kleppe. Han var truleg gift med ei frå Grimstad i Skjåk, dei hadde 4 barn bl.a.:

Gunhild, til Bøje

Ola f.ca.1545, på nordgard Kleppe

Endre f.ca.1550, på sygard Kleppe

Anne, til Lunde

I 1608 var det semje om at Aagot Tolstad og hennar arvingar skulle behalde 1 hud i Kleppe og Endre og arvingane hans det øvrige av sygard Kleppe. Jon Kleppe var farfar til båe. Jon hadde vore gift på nytt med ei som heitte Aagot.

Ivar Kleiven, I gamle Daagaa, 1944: Kleppe-Ækte

Kleppe nordgard

I 1614 var det jordskifte mellom Oluff som hadde arva 3 huder i Kleppe og barna etter Endre som også hadde arva 3 huder. Dette vart litt omgjordt i 1631 da systrene Gunhild Bøje og Anne Lunde overtok 4 skinn i kvar gard; sonedottera til Gunhild, Anne Bøje overtok hennar del. Ola Knutsen Kleppe f.ca. 1545 hadde sonen:

Anders, til nordgard Viste

Knut 1590-1667, neste brukar

Knut Kleppe stod som brukar ved koppeskatten 1645 og i manntalet 1666. I 1647 kjøpte han ½ hud i Kleppe frå broren Anders Viste for 155 rd. Knut Kleppe svara i 1638 holding av Kongsparten under Kleppe 1 hud og frå 1641 til 1660 av ½ hud. Knut Olsen vart ca.1622 gift med Kari Ivarsdotter Sandbu u-s f.ca.1573 dotter til Ivar Amundsen Sandbu f.ca.1544. Knut og Kari hadde 2 barn:

Ola, d.1649

Torstein 1624-1700, neste brukar

Torstein vart ca. 1652 gift med Brit Tordsdotter Bjølstad f.ca.1624 d.1698 dotter til Tord Torsen Bjølstad f.ca.1575 d.1675 og Ingrid Olsdtr. Slette f.ca.1605 d.ca.1672. Matrikkelen 1668 viser at Tostein Kleppe var brukar av 4 ½ huder der han sjølve igde 4 huder og kongen 18 mrk fisk (dvs. ½ hud). Torsten Kleppe svara i 1664 landskyld av Kongsparten ½ hud. Torstein fekk i 1673 skjøte frå oberst Brockdorf på ein part av Kleppe 18 merker fisk. Denne landskylda vart også nemnd i lensreknesken for Akershus i 1560-61. Ved skifte i 1698 var odelsgoods i Kleppe på 4 huder 6 skinn. Torstein og Brit hadde 6 barn:

Ivar f.ca.1652 d.ca.1730, neste brukar

Ola 1657-1657

Tord 1659-1719, g.m. Ingeborg Pålsdtr. Romundgard d.1730. Til Romundgard.

Tjøstolv 1660-1724, g.m. Synnøve Persdtr. Sandbu f.ca.1667 d.ca.1700, g.2.m.

Barbro Jakobsdtr. Austrem n f.før 1685 d.1740. Til Holbø n. og Valbjør.

Tora 1663-1695, g.m. Jon Eriksen Helle 1666-1724

Povel f.1666

Ivar Torstensen stod som eigar ved matrikkelutkastet 1723, han stod også oppført i skoskatten 1711. Ivar 1652-1730 var gift med Guri Olsdotter Hjelle, Dovre 1664-1751 dotter til Ola Torstensen Hjelle. Ivar og Guri hadde 6 barn:

Kari f.1693, g.m. Pål Simensen Tofte 1690-1765.

Knut 1695-1758, neste brukar
Ole 1698-1751, g.m. Gunhild Jonsdtr. Mo 1658-1738. Til Mo.
Brit 1701-1771, g.m. Nils Guttormsen Graffer 1701-1782
Mari 1705-1778, g.m. Tord Tordsen Bjølstad 1704-1750
Torstein 1707-1784, g.m. Kari Tordsdtr. Lunde s. Til Håkenstad.

Knut var gift med Mari Tordsdotter Bjølstad 1705-1761 dotter til Tord Tordsen Bjølstad 1671-1739 og Guri Olsdtr. Slette 1675-1751. Ved skifte i 1761 var Kleppe 4 ½ huder taksert til 1200 rd. Knut og Mari hadde 3 barn:

Guri 1732-1804, g.m. Ola Iversen Lunde nig. 1737-1792
Iver 1735-1761. Død i Holstein.
Mari 1739-1740
Mari f.1745 d.før 1761
Tord 1748-1824, neste brukar

Tord 1748-1824 var gift med Barbro Simensdotter Tofte f.ca.1750 d.før 1783 dotter til Simen Pålsen Tofte 1724-1756 og Anne Hansdtr. Tolstad 1726-1801. Tord og Barbro hadde 2 barn:

Simen 1772-1772
Knut 1776-1776

Tord vart 1783 gift på nytt med Guri Hansdotter Holbø s. 1754-1814 dotter til Hans Pålsen Tofte 1725-1773 og Mari Olsdtr. Tallerås f.1731. Skifte i 1818 var inkludert kjøpesum på Kleppe 1250 spd. Tord og Guri hadde 6 barn:

Barbro 1784-1859, g.m. Sevald Rolvsen Blakar 1793-1832
Ivar 1786-1866, neste brukar
Mari 1789-1839, g.m. Pål Trondsen Valbjør 1789-1825, g.2.m. Johannes Østensen
Kvarberg 1802-1876
Hans 1792-1822, ugift
Guri 1795-1861, ugift
Thor 1802-1876, ugift, døydde som «slave» på Akershus festning

Ivar 1786-1866 overtok Kleppe med skjøte frå faren i 1808 for 1000 rd. og føderåd. Ivar var gift med Anne Rolvsdotter Blakar 1792-1845 dotter til Rolv Sevaldsen Blakar 1732-1809 og Torø Olsftr. Haugom 1762-1830. Ivar og Anne hadde 6 barn:

Tord 1817-1867, neste brukar
Guri 1819-1884, ugift
Thora 1820-1907, g.m. John Syversen Blessum s 1819-1893
Mari 1823-1884, ugift
Torsten 1827-1852, ugift
Kari 1828-1917, ugift

Tord 1817-1867 overtok Kleppe med skjøte frå faren i 1847 for 1250 spd. Og føderåd. Tord vart 1849 gift med Guri Sevaldsdotter Blakar 1820-1884 dotter til Sevald Rolvsen Blaker 1793-1832 og Barbro Tordsdtr. Kleppe n. 1784-1859. Tord og Guri hadde 5 barn:

Torstein 1850-1899, neste brukar

Sevald 1852-1884, ugift
Anton 1854-1927, neste brukar
Ole 1857-1881, ugift
Barbro 1862-1862

Torstein 1850-1899 overtok Kleppe med skjøte frå mora i 1884 for kr 12000,- og føderåd samt lausøyre for kr 2500,-. Torstein var ikkje gift.

Anton 1854-1927 overtok Kleppe da broren Torstein døydde i 1899. I 1923 vart det attestert i panteregisteret at Anton var arving etter Torstein. Anton var ikkje gift.

Peder Nordrum kjøpte nordgard Kleppe gnr. 143 bnr. 1 i 1927 av dødsbuet etter Anton Kleppe for kr 70000,- inkl. lausøyre kr 2800,-. Peder Nordrum, Fåvang 1886-1953 var son til Peder Nordrum og Marie Romsås. Peder vart 1916 gift med Mathilde Myhre 1891-1955, dei hadde 3 barn:

Liv f.1920
Eva f.1921, neste eigar
Per d.1945

Eva overtok i 1961, ho vart 1955 gift med Sidney Ekre, Heidal 1910-1992 son til Ola Øien og Marit Ekre. Det gamle gardstunet vart frådelt og seld i 1966 og nytt gardstun vart bygd frå 1962. Eva og Sidney hade 2 barn:

Per f.1958, g.m. Tove Brekken
Thor f.1960, neste brukar

Thor overtok etter foreldra i 1982. Han vart 1991 gift med Anne Marit Sve Bjørndal f.1969 dotter til Erik Sve Bjørndal f.1937 og Aud Stokstad f.1942. Thor og Anne Marit har 2 barn:

Eva f.1991
Tjøstolv f.1994

Kjelder:
P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, slekten på Kleppe.
Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Skoglund

Skoglund gnr. 143 bnr. 3 vart frådelt frå nordgard Kleppe gnr. 143 bnr. 1 i 1937 med skjøte frå P Nordrum til Ole K Braaten for kr 1760,-. I 1959 vart ein parsell Skoglund II gnr. 143 bnr. 7 frådelt frå Kleppe med skjøte i 1961 frå Eva Ekre og Liv Nordrum Rausch til Ola K Bråten for kr 960,-. Ola var frå øvre Bråtå son til Knut Andersen Bråten 1872-1956 og

Ragnhild Øygarden 1874-1956. Ola K Bråten 1901-1983 var gift med Anne Skjedsvold 1903-1983, desse var dei fyrste på Skoglund. Ola og Anne hadde 1 barn:

Ragnhild f.1937, neste brukar

I 1974 var det skjøte frå Ola K Braaten f.1901 til dottera Ragnhild O Skogum på Skoglund gnr. 143 bnr. 3 og 7. Ragnhild vart 1957 gift med Jakob Skogum f.1923 son til Østen Skogum og Anna Stadeløkken. Ragnhild og Jakob har 2 barn:

Anna f.1957, g.m. Arne Magnar Juvstad

Odd Øystein f.1960

Odd Øystein Skogum fekk skjøte i 1986. Han var sbm. Aase Sveen, Lom f.1957 dotter til Anders Sveen f.1916 og Ragnhild Granheim, Vågå f.1929. Odd og Aase har 2 barn:

Tom Martin f.1981

Jan Roger f.1982

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Åsen øvre

I 1801 var Knut Knutsen f.1747 husmann under Kleppe. Knut Aasen vart nemnd under nordgard Kleppe i liste over husmannspenger til kyrkja frå 1776 til 1782 og i 1805. Knut vart 1776 gift med Sigri Andersdotter Eide 1755-1836 dotter til Anders Iversen Eide f.ca.1708 d.ca.1770 og Ragnhild Olsdtr. d.ca.1730 d.1773. Ved fødsel i 1785 står det Kleppehaugen, men elles står det Åsen frå 1778. Knut og Sigri hadde 9 barn:

Knut f.1778

Anders f.1781, skreddar i 1801

Ole f.1785

Ragnhild 1788-1850, g.m. Ole Hansen Øygarden 1783-1850

Iver 1793-1884, neste brukar

Tore f.1798

Mari f.1798

Kari f.1801

Thord f.1802

I 1865 og 1875 var Iver Knudsen 1792-1884 føderådsmann. Iver vart 1824 gift med Gunhild Olsdotter Øyseie 1795-1890, dei hadde 6 barn:

Ragnhild f.1824

Knut 1826-1889, neste brukar

Marit f.1829

Guri f.1831

Ane f.1834
Kari f.1838

Knut var i 1875 husmann med jord og skinnfellmaker. Han vart 1855 gift med Anne Jørgensdotter Bjørnstadeie f.1828 d.etter 1891, dotter til Jørgen Olsen Bjørnstadeie. Knut og Anne hadde 6 barn:

Iver f.1854, neste brukar
Gunhild f.1856
Ole f.1859
Ole f.1863
Johan f.1866
Anders f.1869

Iver Knutsen var i 1891 i øvre Åsen. Han var gift med Torø Olsdotter, Lom f.185. Dei to eldste barna var fødde i Lom. Iver og Torø hadde 6 barn:

Kristen f.1880
Barbro f.1881
Ole f.1884
Anne f.1887
Gunhild f.1889
Inga f.1892

Hans Knutsen Sveen Nysveen 1862-1950 var son til husmann Knut Hansen. Hans vart 1889 gift med Kari Olsdotter Øygarden 1869-1955 dotter til husmann Ole Knutsen Øygarden u.Kleppe. Hans og Kari kom til øvre Åsen omkring 1892-1893. Hans hadde med Kari Johannesdotter Kalbakk 1 barn:

Knut 1888-1978,

Hans og Kari hadde 9 barn:

Knut 1889-1959, neste eigar,
Ola 1891-1965, g.m. Aslaug Kleppe 1893-1989
Mathias f.1894, til Romsdal
Barbro f.1896, g.m. Barbro Saghaugen
Hans 1899-1989, g.m. Marit Grasdalsmoen, Lom 1899-1986. Til Skulemesterstugu.
Marit f.1902, g.m. Knut Kobbersletten
Kristen, til Canada
Kari f.1907, g.m. Jon Stadeløkken Lauvstad
Anne f.1909, seinare brukar

Øvre Åsen gnr. 143 bnr. 4 vart frådelt frå nordgard Kleppe i 1942 med skjøte frå P Nordrum til Knut H Åsen for kr 3000,-. Knut var gift med Kari Valbjørsløkken ø. 1888-1972 dotter til Imbert Pedersen Skultbakken 1859-1945 og Ingeborg Olsdr. Valbjørsløkkja n. 1862-1947. Knut og Kari budde i Randsverk.

Anne f.1909 vart 1931 gift med Anton Løkken Ruskeløkken 1901-1982 son til Knut Løkken f.1866 og Anne Helleløkken f.1869. I 1947 var det skjøte frå Knut H Åsen til svogeren Anton K Løkken for kr 3000,-. Anton og Anne hadde 2 barn:

Kåre f.1932, neste brukar

Kristine f.1933, g.m. Jon Brustuen, Lom

Kåre overtok med skjøte frå faren i 1971. Han vart 1959 gift med Marit Granli, Heidal f.1931 dotter til Elton Mosebakken nedre f.1902 og Inga Mosebakken øvre f.1904.

Brukar frå 1996 er Rolf Magne Sveen f.1964 på Stokstad gnr. 145 bnr. 2.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Åsen nedre

Erik Gulbrandsen Aasen f.ca.1711 d.1786 var gift med Marit Jakobsdotter. Dei vart nemnde som Aasen frå 1745, men også før det var det fadderar frå Kleppe og Stokstad som tyder på at dei var på Aasen. Om det var på øvre eller nedre Åsen er usikkert. I 1762 kjøpte Erik og Marit Sandbu sygard uppistugu. Erik og Marit hadde 8 barn:

Gudbrand 1737-1766

Marit f.1739, ugift i 1786

Ole f.1743

Jakob f.1745

Sigri f.1745, g.m. Ole Andersen

Hans f.1748

Jon f.1750-1815, g.m. Anne Olsdtr. Austrem f.ca.1764 d.1815. På Sandbu.

Kari f.1753, på Sandbu i 1801

Knut Olsen Åsen under nordgard Kleppe 1762-1841 var gift med Ingri Svendsdtr. 1764-1821. Ved barnefødsel i 1788 er Knut nemnd på Kleppeåsen. Truleg var dei i Bråtå i 1801 og ved barnefødsel i 1803 står det Knut Braaten. Knut og Ingrid hadde 5 barn:

Ragnhild f.1788, g.m. Ole Johnsen Nyløkken

Ola 1791-1873, gift med Imbjør Olsdotter nordre Kleppeie 1798-1885. I Ner-Bråtå.

Anne 1794-1864, g.m. Jacob Jacobsen Stavsen 1792-1870. Til Løkken/Ruskelykkja.

Guri f.ca.1798

Rønnoug 1803-1838, g.m. Peder Olsen Valbjørsløkken 1800-1838. Til Moshuset.

Imbret Rasmuen var i 1801 husmann under Kleppe. Imbrigr Aasen vart nemnd i 1805 i liste over husmannspenger. Ingebret f.ca.1762 d.1844 var gift med Ragnild Enersdotter eller Iversdotter f.ca.1763 d.1860. Ingebret og Ragnhild hadde 1 barn:

Iver 1796-1878, neste brukar

Iver Ingebrigtsen 1796-1878 var i 1865 føderådsmann. Iver vart 1819 gift med Ingri Knutsdotter Stokstad nedre f.ca.1797 d.1869 dotter til Knut Olsen Stokstad 1770-1855 og Rønnaug Iversdr. Viste u. 1769-1808. Iver og Ingri hadde 3 barn:

Ragnhild f.1820

Engebret 1825-1832

Ingebrigt 1834-1927, neste brukar

Ingebrigt Iversen 1834-1927 var i 1865 husmann med jord. Han var gift med Anne Olsdotter, Sel 1829-1921, i 1900 var dei føderådsfolk. Ingebrigt og Anne hadde 6 barn:

Ingri 1857-1944, g.m. Knut Knutsen Bråten 1853-1929. I Bråtå nedre.

Mari f.1859

Ivar 1862-1948, neste brukar

Ole f.1865

Anne f.1868

Hans f.1875

Ivar 1862-1948 var i 1900 husmann med jord på nedre Aasen. Familien budde der i 1891 også. Ivar var gift med Rannei Olsdotter Ødegaarden under Kleppe f.1866 dotter til husmann Ole Knutsen. Ivar og Rannei hadde 2 barn:

Barbro 1889-1934

Anne 1895-1978, g.m. Asmund Stokstad nørdrø 1899-1973.

Brukar i 1953 var Iver Sveen 1908-1991 son til Pål Sveen og Kari Hageløkken. Iver vart 1943 gift med Helga Gjeilen 1903-1966. Nedre Åsen gnr. 143 bnr. 6 vart frådelt frå Kleppe i 1956 med skjøte i 1958 frå Eva Nordrum og Liv Rausch til Iver Sveen for kr 6000,-. Helga hadde med Johan Hovdhaugen, Ringebu f.1914 1 barn:

Ruth Hallgerd f.1937, neste brukar

Ruth vart 1955 gift med Magne Stubrud, Fåvang f.1933 son til Morits Stubrud f.1899 og Ingeborg Bjørklund, Tretten f.1894. Ruth og Magne overtok med skjøte frå Iver P Sveen i 1967. Dei har 2 barn:

Hans Ivar f.1956

Ingeborg Miriam f.1957, g.m. Knut Blankenborg

Hans Ivar Stubrud var sambuar med Liv Blankenborg, dei har 2 barn:

Mari f.1989

Øystein f.1994, neste brukar

Øystein Stubrud overtok etter bestemora Ruth.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Haugen – Kleppehaugen

Stadnamnkart viser at Haugen var eit bruk som låg om lag der tunet på nordgard Kleppe ligg i dag.

Jon Kleppehaugen fekk i 1761 sonen
Knut Jonsen 1761-1773

Ole Olsen eller Ole Hougen vart i åra 1776 til 1782 nemnd under nordgard Kleppe i liste over husmannspenger til kyrkja. Ole Olsen f.ca.1726 d.1803 var husmann utan jord og hadde legd da han døydde, han budde da på Hougen under Kleppe. Ole vart 1795 gift for tredje gong med Torø Syversdotter f.ca.1749, truleg dotter til Siver Ryen.

Iver Iversen f.1763 var i 1801 husmann under Kleppe. Tor Stallvik har plassert han på Kleppehaugen. Soldat Iver Iversen vart 1793 gift med Anna Amundsdotter f.ca.1762, dei hadde 4 barn:

Imbjør f.1793
Amund f.1795
Knut f.1797
Ole f.1800

Knut og Ole kan vera dei som ved giftarmål i 1823 er nemnde som Lieneige, så kanskje har Iver og Anne med familie flytta dit.

Kjelder:
Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Dammen

Gnr. 143 bnr. 5

Hans Christensen Dammen vart nemnd i lister over husmannspenger til kyrkja for åra 1776 til 1781.

Hans Johansen f.ca.1753 d.1809 budde i Dammen da han døydde.

Per Teigen 1888-1975 var son til Hans Teigen og Rønnaug Sagdalen. Per var husmann under nordgard Kleppe til han i 1949 kjøpte Dammen gnr. 143 bnr. 5 av dr. Nordrum. I 1920 vart

bruket kalla Damlykkja. Per vart 1913 gift med Rønnaug Andersdotter Bråten 1891-1975, dei hadde 3 barn:

Ragnhild f.1913

Anna f.1917

Ragna f.1920

Arne Kleppe kjøpte eiedommen i 1956 frå Per Teigen. Arne f.1920 var son til Ola Aasen f.1891 og Aslaug Kleppe f.1893. Arne vart 1945 gift med Mari Holbø 1917-1994 dotter til Tor Holbø f.1877 og Ragnhild Stokstad f.1893. arne og Mari hadde 3 barn:

Åse Ragnhild f.1946, g.m. Ole Rønningen

Tordis f.1949, g.m. Einar Dalbakk

Olav f.1951

Marit f.1957

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Jukulen

Syver Jukulen f.ca.1670 d.1750 vart gravlagd i 1750.

Ole (Svendsen?) Jukelen var gift med Rønnoug Rasmusdotter, dei hadde 2 barn:

Marit f.1746

Ragnhild f.1755

Liste over husmannspenger til kyrkja viser i åra 1776-1780 at Syver Eriksen Jukulen var husmann under nordgard Kleppe.

I 1782 viser lista at det var Ole Eriksen som var husmann.

Rønnov Østensdotter 1733-1806 budde i Jukulen da ho døydde.

Ole Knutsen var i 1801 husmann under Kleppe, og Ole Jukulen vart nemnd i husmannslista i 1805. Ole Knutsen f.ca.1765 d.1837 vart 1788 gift med Ragnhild Østensdotter f.ca.1765 d.1859. Ole og Ragnhild hadde 6 barn:

Rønnov f.1789

Hans f.ca.1792

Kari f.1796

Eli f.1799

Østen f.1802

Petronelle 1810-1810

I 1865 var Ole Larsen f.ca.1826 husmann med jord i Jukulen. Ole var gift med Ingebjør Olsdotter f.ca.1830, dei hadde 2 barn:

Guri f.ca.1859

Ole f.ca.1861

I 1875 var Ole Halvorsen 1832-1909 husmann med jord i Jukulen, i 1900 var han enkjemann og føderådsmann. Ole Halvorsen Felleseeløkken var gift med Anne Nilsdotter Moen 1828-1887, dei hadde 1 barn:

Anne 1857-1922, g.1878 med Anders Paulsen Nesset f.1855

I 1900 var Ole Jonsen f.1850 d.etter 1920 husmann med jord i Jukulen og turistfører. Ole frå Steinum under Lye var son til John Hansen Lyeeie 1820-1879 og Guri Nilsdtr. Sletmo 1825-1904. I 1888 var Ole og familien i Steinum, i 1891 var dei i Jukulen. Ole var gift med Mari Jonsdotter f.1850 d.etter 1920, dei hadde 3 barn:

Jon f.1882, g.m. Anne Olsdtr. Sveen f.1886. Til Sanden.

Guri f.1888, g.m. Syver Syversen Plassen f.1883

Matias f.1891, ugift i Jukulen i 1920

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Uplassert 1801

Jakob Andersen f.ca.1747 d.1803 var i 1801 husmann under Kleppe. Han var truleg son til Anders J (Sve) f.ca.1720 og Ane Iversdtr. (Sve). Jakob vart 1784 gift med Anne Olsdotter f.ca.1757 d.1821, dei hadde 4 barn:

Anne f.1784

Ole f.1788

Anders 1792-1870, g.m. Eldri Olsdtr. Øverlihaugen 1789-1840. g.2.m. Rønnaug Knutsdtr. Eklebakken 1812-1856

Østen f.1794

Før ekteskapet hadde Jakob med Anne Larsdtr. Tessneset f.ca.1733 1 barn:

Ola 1782-1858, g.m. Ragnhild Steinarsdtr. Sagflaten, Lom 1797-1876

Stadnamnkart har påteikning om **Ingeleivlykkja** som nedlagd bustad eller plass. Dette låg ved vegen mellom Jukulen og Nesset, dette er på grunn som tilhøyrrer nordgard Kleppe.

Kjelder:

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Geni.com

Øygarden – Persøygarden

Ole Hansen Øygarden f.ca.1783 d.1850 var gift med Raghild Knutsdotter 1788-1850, ho kan vera frå øvre Åsen dotter til Knut Knutsen 1747-1813 og Sigri Andersdr. Eide 1755-1836.

Ole Hansen kan vera han som i 1801 var tenar på Kleppe. Ole og Ragnhild hadde 4 barn:

Hans 1817-1817

Knut f.1818, neste brukar

Ole f.1821

Kari 1824-1826

Knut Olsen 1818-1855 var i 1865 husmann med jord, han var son til Ole Hansen Øygarden. Knut vart 1842 gift med Rannei Olsdotter Damstuen f.ca.1818 d.1872 dotter til Ole Olsen Damstuen. Knut og Rannei hadde 7 barn:

Ola Knutsen Ødegården f.1843, neste brukar

Anne Knutsdotter f.1846, hadde barna Knut Thorsen f.1868 og Ole Johnsen f.1863

Kari f.1849

Ragnhild f.1853, til Agerø 1876

Mari 1856-1873

Ole 1860-1862

Ingrid f.1863

Ola Knutsen Ødegården 1843-1923 var i 1875 og 1900 husmann med jord. Ole vart 1866 gift med Barbro Olsdotter Rudistuen Sandbueie 1843-1904 dotter til Ole Olsen Sandbueie. I 1910 var husmann Ole Persødegård enkjemann, i 1920 vart han forsørger av sonen. Ola og Barbro hadde 4 barn:

Rannei f.1866, g.m. Ivar Ingebrigtsen nedre Åsen 1862-1948

Kari 1869-1955, g.m. Hans Knutsen Sveen Nysveen 1862-1950, til øvre Åsen

Ragnhild 1874-1956, g.m. Knut Andersen Bråten ø. 1872-1956

Knut f.1887, neste brukar

Knut Olsen Øygaard f.1887 var i 1920 husmann med jord. Han vart 1917 gift med Ragnhild Knutsdotter Løken f.1896 dotter til Knut Iversen Løken. Knut og Ragnhild hadde 6 barn:

Barbro f.1917

Kristine f.1919

Olaug f.1921

Knut 1923-1997, neste brukar

Kari f.1925

Ola f.1927

Knut var gardskar på Sunde. Etter at han var borte overtok systerdottera Ragnhild d.ca.1999. Ragnhild var gift med Egil Nordal, nå er det dottera som eig husa på Øygarden.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Øygaardshaugen

Øygaardshaugen låg ved Øygarden, på stadnamnkart er det avmerka like ved vegen.

Ole Olsen Kleppeie f.ca.1821 d.1856 var son til Ole Olsen Kleppeie. Ole vart 1848 gift med Marit Fredriksdotter Thog f.1826 dotter til Frederik Eriksen Toug. I 1865 var enkja Marit husmann utan jord. I 1851 budde dei på Skottlieneiege, og i 1853 budde dei på søre Kleppeie. Ole og Marit hadde 4 barn:

Frederik f.1848

Ragnhild f.1850

Ole f.1853

Ole 1857-1862

Marit f.1826 hadde med enkjemann Ole Olsen Kvernhusaugen Sunde f.ca.1823 1 barn:

Imbjør f.1868

I 1900 budde Marit på Øygaardshaugen saman med dottera Imbjør f.1868. Med Ole Amundsen Bu f.1846 hadde Imbjør 1 barn:

Mathias Haugen f.1893

Med Kristian Johansen, Øyer 1873-1966 hadde Imbjør 1 barn:

Ragnhild f.1905, g.m. Kristian Øygaard. Veistad.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Kleppe sygard

Endre Knutsen Kleppe f.ca. 1550 var gift med Ingeborg. I 1614 var det jordskifte mellom Kleppegardane med 3 huder til sønnene etter Endre og 3 huder til onkelen Oluff på nordgard. Dette vart litt omgjordt i 1631 da systrene Gunhild Bøje og Anne Lunde overtok 4 skinn i kvar gard; sonedottera til Gunhild, Anne Bøje overtok hennar del. Endre og Ingeborg hadde sønnene:

Per, neste brukar

Oluff

Per Endresen var i 1647 eigar og brukar av Kleppe 2 ½ hud 2 skinn. Han står også oppført i koppskatten 1645. Per hadde sonen:

Jon, neste brukar
Endre

Sak i 1663 viser at det har vore eit skifte i 1655 der det vart bestemt at Jon etter stemoras død skulle ha heile garden. Endre har brukt 1 hud, og Jon baud Endre 1 hud i Bø på Lesja og at han skulle forsørge Endres to systre. Jon hadde 2 barn:

Ingebjørg f.ca.1627 d.etter 1702, neste brukar
Rønnaug, g.m. Knut Olsen Holbø s. f.ca.1633 d.etter 1700

Ingebjørg vart ca.1659 gift med Tjøstolv Jonsen Helle f.1618 d.etter 1702 son til Jon Eriksen Helle f.ca.1585 d.1650 og Rønnaug d.y. Ivarsdr. Sandbu upp. sør f.ca.1598-1659. Tjøstolv stod som brukar i manntalet 1666. Tjøstolv kjøpte i 1668 4 skinn i Kleppe av fogd Friedrich Davidsen. Matrikkelen 1668 viser at Tjøstell Kleppe var brukar av 3 huder som han eigde sjølv. Ved skifte i 1702 eigde Tjøstolv og Ingeborg heile sygard Kleppe 3 huder. Ingebjørg og Tjøstolv hadde 3 barn:

Magnhild f.ca.1660 d.før 1709, g.m. Gudbrand Syversen Snerle m. f.ca.1666 d.før.1740
Jon f.1663 d.etter 1728, neste brukar
Jon f.ca.1665 d.ca.1718, g.m. Kari Olsdr. Til nordgard Holbø.

Jon Tjøstelsen f.1663 vart 1692 gift med Berit Olsdotter Storvik s. f.ca.1670 d.etter 1728 dotter til Ola Knutsen Storvik 1637-1697 og Aaste Olsdr. Valde f.ca.1650 d.1712. Jon Tjøstelsen stod som eigar og brukar ved matrikkelutkastet 1723 og skoskatten 1711. Jon og Berit hadde 5 barn:

Tjøstolv 1695-1765, neste brukar
Ola 1697-1776. Til Bråtå nedre
Ingebjørg f.ca.1700 d.før 1738, g.m. Knut Olsen Holbø s. f.1702 d.før 1754
Aaste f.1705, g.m. Arne Sjugurdson Råstad nordg.
Knut 1710-1739 (Knut Kleppe d.1739 29 år)

Tjøstolv fekk i 1728 skjøte på Kleppe 3 huder frå syskjna. Tjøstolv vart 1721 gift med Ingebjørg Jonsdotter Helle f.ca.1700 d.1738 dotter til Jon Eriksen Helle f.1666 d.etter 1723 og Ragnhild Eriksdr. Ved skifte etter Ingebjørg i 1738 vart Kleppe 3 huder taksert til 300 rd.

Tjøstolv og Ingebjørg hadde 7 barn:

N.N. 1721-1721
Berit f.1723, død før 1738
Ragnhild f.1725 d.etter 1801, neste brukar
Ingebjørg f.1727, g.m. Ole Andersen Øverbø, sel f.1716
Gunhild f.ca.1727 d.1814, g.m. Johannes Andersen Sunde 1722-1808
Ingebjørg d.y. f.ca.1733
Aaste f.ca.1735 d.1802, g.m. Lars Johannessen Øy Haugøy

Ragnhild f.1725 vart 1741 gift med Ola Pålson Tolstad 1715-1774 son til Pål Hansen Tolstad 1652-1739 og Anne Olsdr. Rusnes 1678-1732. Ved skifte etter Ola i 1774 vart Kleppe 3

huder taksert til 800 rd. Ragnhild skifta att i 1777 og da var taksten 1000 rd. Ragnhild og Ola hadde 9 barn:

Tjøstol 1742-1742

Imbiør 1746-1811, g.m. Ivar Fredriksen Breden, Stokstad f.1748, g.2.m. Henning Rolvsen Garmo 1759-1830

Tjøstolv 1749-1797, neste brukar

Brit 1751-1834, g.m. Erik Olsen Lindsø, Dovre f.ca.1750. Til nedre Bakkom.

Pål 1753-1825

Anne f.1754, g.m. Ola Knutsen Øy 1739-1796. Til nedre Bråtå.

Ragnhild 1762-1849, g.m. Hans Einarsen Holen 1758-1823

Hans 1766-1848, g.m. Gunhild Enersdtr. f.ca.1768 d.1854. Kaggerudeie

Jon 1768-1789

Tjøstolv vart 1777 gift med Marit Pedersdotter Horgen d.1797 dotter til Peder Pedersen Horgen d.1790 og Anne Torgersdtr. Kruke. Ved skifte etter Tjøstolv og Marit i 1798 vart Kleppe taksert til 1000 rd. Tjøstolv og Marit hadde 7 barn:

Ola 1778-1780

Ola 1780-1787

Peder 1783-1859, neste eigar

Ragnhild f.1786, g.m. Hans Hansen Dypdalen

Anne 1788-1833, g.m. Johannes Larsen Øy 1766-1842

Ola 1791-1865, g.m. Gunhild Pålsdtr. Sve 1803-1876. Til Haugøy.

John 1794-1884. ”Jo Gjende”. Hadde med Marit Johannesdtr. Kaggerud 1801-1891 dottera

Ymbjørg 1830-1914 som kom til Taulstadskriu

Marit hade før ekteskapet barn med Tord Stenersen Faukstad f.ca.1740:

Ingrid 1776-1857, g.m. Iver Jonsen Blessom s. d.1767

Etter at Tjøstolv og Marit døyde i 1797 vart Gulbrand Knutsen nemnd som gardmann på Kleppe. Gulbrand og familien vart nemnd der både i 1798 og 1801. Gulbrand kjøpte Rusnes i 1802. Gulbrand Knutsen Huden 1770-1821 vart 1795 gift med Kari Olsdotter Storvik s. 1774-1860, dei hadde 7 barn:

Imbiør 1795-1818

Barbro 1798-1887, g.m. Imbert Jonsen Brattland 1798-1876, til Svelstad i Hellreo

Marit 1802-1884, g.m. Anders Nilsen Strand n. 1799-1876

Knut 1805-1866, g.m. Kari Jonsdtr. Mo 1797-1845. På Rusnes

Kari f.ca.1808 d.1885, g.m. John Johnsen Strand midtre nordre 1800-1866

Ole 1812-1876, g.m. Anne Johnsdtr. Valde s. 1819-1899. Til Aasegardshaugen

Barbro 1816-1818

Peder Tjøstolvsen 1783-1859 voks opp på Sunde hjå syster til bestemora Gunhild Tjøstolvsdtr. frå Kleppe. Peder var gift med Aase Jonsdotter Mo 1782-1826 dotter til Jon Johannessen Mo 1742-1816 og Gyda Rolvsdtr. Einarsvoll 1755-1844. Peder og Aase hadde 2 barn:

Ola 1804-1878, neste brukar

Jon 1817-1891, ugift

I 1831 var det skifte etter Peder Tjøstelsen Kleppe og hustru Aase Johnsdotter. Peder vart 1833 gift på nytt med Anne Hansdotter Stokstadneset f.ca.1810 d.1876 dotter til Hans Olsen Næsset. Peder kjøpte i 1842 Stokstad midtre. Peder og Anne hadde 7 barn:

Marit f.1832, g.m. Knut Nyløkkehaugen

John f.1835, g.m. Rønnaug Hansdotter

Paul f.1839

Anders f.1843

Anne 1848-1849

Anne f.1850

Hans f.1857

I 1826 var det skjøte på Kleppe 3 huder frå Peder Tjøstolvsen til sonen Ola Pedersen for 500 spd., foreldra fekk føderåd. Ola 1804-1878 vart 1826 gift med Gunhild d.y. Øysteinsdotter Kvarberg u 1799-1894 dotter til Øystein Eriksen Kvarberg 1768-1834 og Imbiør Johannesdtr. Sunde 1770-1856. Ola og Gunhild hadde 2 barn:

Aase 1829-1829

Aase 1830-1921, neste brukar

Aase var gift med Tord Pålsen Valbjør 1819-1897 son til Pål Trondsen Valbjør 1789-1825 og Mari Tordsdtr. Kleppe n. 1789-1839. Aase og Tord hadde 2 barn:

Mari 1855-1936, g.m. Hans Andersen Raastad s 1850-1925

Ola 1862-1925, neste brukar

I 1898 var det skjøte på Kleppe gnr. 144 bnr. 1 frå Ole Pedersens arvingar Aase Olsdotter Kleppe og Hans Raastad til Ola Tordsen Kleppe for kr 9500,- inkl. lausøyre kr 4900,-. Føderådskontrakt frå Ola Th. Kleppe til foreldra Tord Valbjør og Aase Olsdtr. er frå 1896. Ola var gift med Gunhild Pålsdotter Sve 1865-1945 dotter til Pål Pålsen Sve 1823-1885 og Barbra Jensdtr. Tronhuus 1831-1911. Ola og Gunhild hade 2 barn:

Aslaug 1893-1991, neste brukar

Tor 1896-1980, g.m. Anna Andersdtr. Lundh 1893-1977. Til Valbjør.

Ola Aasen 1891-1965 overtok etter svigerfaren i 1925. Ola var son til Hans Knutsen Aasen 1862-1952 og Kari Olsdtr. Øygarden 1869-1955. Ola vart 1914 gift med Aslaug Kleppe 1893-1989, Ola og Aslaug hadde 11 barn:

Ola 1914-1984, g.m. Margit Stuksrud

Gunhild 1916-1918

Gunnar 1918-1974, g.m. Anna O Kluften f.1927

Arne f.1920, g.m. Mari T Holbø f.1917. Til Dammen.

Hans 1921-1991, g.m. Magna Solhaug

Gunhild f.1922, g.m. Sigurd Kjelløkken 1918-1989

Tjøstol 1924-1988, neste brukar

Pål f.1925, g.m. Marit G. Øyberg, Skjåk 1927-1998. Til Koien i Sel.

Tor f.1926, neste brukar

Kari f.1927, g.m. Kristen E Lusæter f.1926
Mari f.1929, g.m. Reidar M Stormyrenge f.1924

Jens Ljøsne overtok ved tvangssalg i 1933 for kr 32000,-. Jens Ljøsne var gift med Anna Olsdotter midre Stokstad f.1908 dotter til Ola Syversen Stokstad f.1861 og Anne Arnesdtr. Mohn f.1863.

I 1935 tok Ola Aasen att Kleppe på odell i namnet til sonen Gunnar som fekk odellsløysingsskjøte frå Jens Ljøsne for løysingssum kr 36750,-, auksjonsskjøte vart tinglyst i 1936.

Tor og Tjøstol overtok etter foreldra i 1962, Tjøstol døydde i 1988 medan Tor dreiv til 1997.

Ola Kleppe, Sel f.1955 overtok etter onkelen Tor i 1997. Ola er son til Pål Kleppe og Marit Øyberg, Skjåk f.1927. Ola vart 1988 gift med Ingrid Lien f.1964 dotter til Ola Erling Lien, Dovre f.1942 og Wenche Olsen f.1943. Ola og Ingrid har 2 barn:

Hilde f.1993

Bjørn f.1996

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom, slekten på Kleppe.

Digitalarkivet: Panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bråten nedre

Gnr. 144 bnr. 2 og 3

Ola Kleppe vart kalla "Skyttarbråtein". Ola 1697-1776 var frå sygard Kleppe son til Jon Tjøstolvsen Kleppe f.1663 og Berit Olsdtr. Storvik s. f.ca.1670. Ole Jonsen fekk i 1751 bygsel på nedre Braaten frå Ole Poulsen sygard Kleppe, Ole Jonsen hadde også tidlegare hatt plassen. Ola Jonsen var gift med Guri Pedersdotter, dei hadde 3 barn:

Per 1721-1780, g.m. Mari Iversdtr. f.ca.1737 d.1818. Til Nyrnes.

Aaste f.ca.1730 f.før.1777, g.m. Lars Tronhus 1718-1798, hadde dottera Guri f.ca.1763

Jon f.1734, neste brukar

Jon f.1734 var gift med Kari Tjøstolsdtr. f.ca.1736. I 1801 var dei husmannsfolk under Sunde. Jon Braaten vart nemnd under sygard Kleppe i liste over husmannspenger til kyrkja i tida 1776-1780. Jon Bråten hadde 7 barn:

Guri f.1762 d.1851, g.m. Ole Nilsen Slettmo

Anne f.1765

Ole f.1769, hjå foreldra i 1801

Knut 1772-1772

Knut f.1773, hjå foreldra i 1801

Kari f.1777

Jon f.1782

I 1841 var det skifte på Bråten under søre Kleppe etter Knut Olsen og Ingri Svendsdotter som var daude. Knut Olsen Åsen under nordgard Kleppe 1762-1841 var gift med Ingri Svendsdr. 1764-1821. Truleg var dei i Bråtå i 1801 og ved barnefødsel i 1803 står det Knut Braaten. Han var også nemnd i liste over husmannspenger i 1805. Knut og Ingrid hadde 5 barn:

Ragnhild f.ca.1788, g.m. Ole Johnsen Nyløkken

Ola 1791-1873, neste brukar

Anne 1794-1864, g.m. Jacob Jacobsen Stavsen 1792-1870. Til Løkken/Ruskelykkja.

Guri f.ca.1798

Rønnoug 1803-1838, g.m. Peder Olsen Valbjørsløkken 1800-1838. Til Moshuset.

Ola Knutsen 1791-1873 var i 1865 føderådsmann på nedre Bråten. Ola søndre Kleppeie vart 1815 gift med Imbjør Olsdotter nordre Kleppeie 1798-1885. Ola og Imbjør hadde 6 barn:

Guri 1815-1816

Ingri 1818-1818

Knut 1821-1911, neste brukar

Iver 1826-1916, g.m. Imbjør Embretsdtr. Bu 1826-1920. Spelmann. Til Bøneslien. Dei budde på nedre Bråten til etter 1875 og hadde barna: Ole f.1864, Mari f.1866, Hans f.1870 Hans f.1830, til Valdres. Utan å vera gift hadde han med Mari Andersdr. Søndre Holbøeie, Me-Sveen 2 barn: Anders f.1851, Ole f.1855

Gunild 1836-1910, g.m. Johannes Jakobsen Sagsletten 1828-1913. På nedre Rusten.

Knut Olsen Bråten vart 1845 gift med Mari Olsdotter Rusten 1822-1901 dotter til Ole Olsen Rusten. Dei var plassfolk under Bjørnstad og kom til nedre Bråten ca. 1860. Knut var omgangsskulelærer. Knut og Mari hadde 6 barn:

Ola f.1846

Ola f.1849, til Amerika 1870

Knut 1853-1929, neste brukar

Imbjør f.1857, til Amerika 1882

Hans f.1860, til Amerika

Kari 1864-1871

Knut hadde med Anne Iversdr. Kleiveneie sonen:

Ola f.1844, til Amerika

Bråten nedre gnr. 144 bnr. 2 vart frådelt frå sygard Kleppe i 1916 med skjøte til Knut K Braaten for kr 2250,-. Knut Knutsen Bråten var gift med Ingrid Imbretsdotter Åsen nedre 1857-1944 dotter til Ingebrigt Iversen Åsen 1834-1927 og Anne Olsdotter, Sel 1829-1921. Knut og Ingrid hade 8 barn:

Iver f.1880, til USA

Mari f.1882, g.m. Thorud, Gjøvik

Anne f.1885, til USA
Hans f.1888, g.m. Syver Holen, til USA
Kari f.1890, g.m. Pål Nilsonløyken
Ola f.1893, neste brukar
Anton 1896-1965, seinare brukar
Ymbjørg f.1901, g.m. Mathias Løyken, Lalm

Før ekteskapet hadde Knut 1853-1929 barn med Marit Knutsdtr. Grindstuen:
Knut f.1877

I 1916 da faren fekk frådelt Bråten gnr. 144 bnr. 2, vart ein del med like stor matrikkelskyld frådelt frå Kleppe som Bråten nordre gnr. 144 bnr. 3 med skjøte til Ola K Bråten for kr 2250,- . Dette var vestre del av Bråten, men det var aldri eit eige bruk. Ola K Bråten overtok Bråten gnr. 144 bnr. 2 etter faren i 1929 med skjøte for kr 3131,- inkl. lausøyre kr 2200,- samt føderåd, dette omfatta også gnr. 131 bnr. 1 Brennsætra.

I 1924 var det frådelling av Dalbakken gnr. 144 bnr. 5 frå sygard Kleppe med skjøte til Anton K Bråten for kr 7500,-, dette er i solsida. Anton Bråten 1896-1965 overtok i 1935 Bråten gnr. 144 bnr. 2 og 3 etter broren med skjøte i 1940 for kr 4000,- samt føderåd til seljar og hustru kr 4000,-. Dermed vart desse eigedommane samla.

Jon Sveen 1908-1985 kjøpte Ner-Bråtå og Dalbakken gnr. 144 bnr. 2, 3 og 5 av Anton Bråten i 1955. Jon var son til Johannes Sveen 1877-1957 og Ymbjørg Bolstadløyken 1872-1959. Jon vart 1942 gift med Ragnhild Kobbersletten f.1922 dotter til Ivar Kobbersletten og Kari Knutsdtr. Bråten. Anton Bråten hadde bl.a. låve der tunet er nå, men det var Jon og Ragnhild som flytta stugu og elles bygde opp på ny plass. Det gamle tunet låg aust for dei to små husa øvst på jordet. Jon og Ragnhild hadde 5 barn:

Jan Ivar f.1942, neste brukar
Kjell Inge f.1944, g.m. Bodil Haugen
Magne f.1947, g.m. Torbjørg Svaet, Stormyr i Heidal
Randi Jorun f.1952, g.m. Ivar Stavn
Astrid Marie f.1958, g.m. Jan Løyken

Jan Ivar overtok i 1974. Han vart 1967 gift med Ragnhild R Krok, Nord-Fron f.1944 dotter til Ragnvald Krok f.1919 og Tora Slåstuen f.1919. Jan Ivar og Ragnhild har 4 barn:

Bjørn Åge f.1968, neste brukar
Svein Tore f.1969
Inger Margrethe f.1970
Jon Runar f.1977

Bjørn Åge overtok etter foreldra. Han er gift med Gunn Oddveig Rindhøylen, dei har 3 barn:
Odd Ivar f.1993

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Tor Stallvik, Opplandsarkivet 1988: Slekta frå Ner Bråtå under Sygard Kleppe

Bråten øvre

Gnr. 144 bnr. 4

I 1751 fekk Jon Jonson feste på plassen øvre Braaten frå Ole Paulsen på sygard Kleppe. Jon hadde sjølv rydda plassen av rå rot og vart nemnd som Braaten ved barnefødsjar frå 1739. Jon var skulemester. Jon hadde 2 barn:

Berit f.1739

Anna f.1745

Ola Knutsen Øy 1739-1796 var son til Knut Pålsen Tolstad 1697-1760 og Rønnaug Ivarsdr. Øy f.1707. Ola var gift med Anne Olsdotter Kleppe s f.1754 dotter til Ola Pålsen Tolstad 1715-1774 og Ragnhild Tjøstolsdr. Kleppe s f.1725. Pål Ø Kvarberg skriv at Ole og Anne var i nedre Bråten og ved eit skifte på Kleppe i 1777 vart han kalla Ole Braaten, men det kan ha vore øvre Bråten. Folketeljning 1801 tyder på at dei da var husmannsfolk under Øy. I liste over husmannspenger til kyrkja er Ole Braaten nemnd i tida 1777-1780. Ola og Anne hade 3 barn:

Gunhild f.1788, g.m. Jørgen Svendsen Bjørnstadeie

Knut f.1795, g.m. Anne Øyseie, g.2.m. Marit Ekreeie

Marit f.1798

Syver Knutsen Kleppeie Braaten 1751-1837 var son til Knut Olsen og Brit Syversdr. Syver var gift med Brit Torsdotter 1753-1819 dotter til Tord Halvorsen og Rannei Iversdr. Syver og Brit fekk i 1789 feste frå Tjøstol Kleppe på plassen øvre Braaten. Syver Braataae vart nemnd i 1805 i liste over husmannspenger. Syver og Brit hadde 2 barn:

Tord f.1788, g.m. Imbjør Pedersdr. Kolgroven 1781-1855

Rannei 1792-1874, neste brukar

Rannei vart 1815 gift med Ole Olsen Ringnes 1790-1876 son til Ole Olsen Ringnes og Mari Christensdr. Rannei og Ole hadde 7 barn:

Mari f.1815, g.m. Ole Hansen Blankenborg f.1809

Syver f.1818, neste brukar

Ole f.1821, g.m. Marit Fredriksdr. Tho n. f.1826

Brith f.1823, g.m. Gulbrand Henningsen Kveen f.1811

Guri f.1828, g.m. Ole Syversen Håkenstadeie f.1822

Knut f.1832, g.m. Ragnhild Hansdr. Bjørnstadeie f.1831

Hans f.1838, g.m. Marit Hansdr. Daleeie Josten f.1839, g.2.m. Kari

Jakobsdr. Sundhagen f.1842

Syver Olsen vart 1842 gift med Imbjør Pedersdotter Sønstelien f.1821 dotter til Peder Olsen Gjelbakken. Syver og Imbjør hadde 7 barn:

Ola 1843-1890, g.m. Kari Hansdtr. Josten 1841-1900. Til Vetlbråtå

Ola 1845-1923, g.m. Mari Hansdtr. Josten 1845-1870, g.2.m. Ragnhild Olsdtr.

Veggumsflåten 1849-1924. På Slettmo i 1900. Til Rugsveen.

Syver 1853-1897, g.m. Marit Knutsdtr. Plassen 1853-1939. På Plassen under Sunde.

Hans f.1855, neste brukar

Ola 1858-1884, g.m. Kari Syversdtr. Sagdalen f.1859. Til Nysæter.

Rannei 1861-1922, g.m. Guttorm Johannesen Sveen f.1853. Til Stadelykkja.

Jo (John) 1864-1937, g.m. Sina Pedersdtr. Kålstad 1882-1945. Til Vetlbråtå.

Hans f.1855 vart 1881 gift med Gunhild Paulsdtr. Kolstad f.1853. I 1893 kjøpte Hans Sveinlykkja/Håmårslykkja og familien flytta dit. Det vart dermed nye folk i øvre Bråtå. Hans og Gunhild hade 7 barn:

Ymbjør f.1882

Pål 1885-1973, g.m. Kari Knutsdtr. Bråten ø. 1898-1980

Syver f.1887, g.m. Hanna Olsdtr. Mo f.1885

Ingrid f.1890

Ola f.1892

Hans f.1895, g.m. Marit Knutsdtr. Haugen f.1895

Gustav f.1898, g.m. Gunhild Hansdtr. Bårstad f.1903

I 1900 var Anders Braaten f.1848 husmann med jord og snekker. Anders Sveen Braaten var gift med Ragnhild Jakobsdotter Høistad f.1848. Dei hadde 4 barn:

Knut 1872-1956, neste brukar

Marit f.1886

Mathias f.1889

Rønnaug f.1891

Knut A Bråten f.1872 kjøpte øvre Bråten gnr. 144 bnr. 4 frå sygard Kleppe i 1922. Knut vart 1893 gift med Ragnhild Øygarden (Kleppeøygarden) 1874-1956, dei hadde 8 barn:

Anders 1893-1878, g.m. Gunhild Sæta 1906-1986. Til Myrhaug.

Barbro 1895-1978, g.m. Anton Berget, Nord-Fron 1896-1989. Til Granheim ved Kleppe.

Kari 1898-1980, g.m. Ivar Kobbersletten, g.2.m. Pål H Bråten, Sveinlykkja 1885-1973.

Ola 1901-1983, g.m. Anne Skjedsvol 1903-1983. Til Skoglund gnr.143 bnr. 3

Ragnhild g.m. Severin Mosenget

Knut f.1912, neste brukar

Anton f.1912

Ragnvald, g.m. Inga Damstuen

Knut K Bråten f.1912 overtok etter faren i 1956. Knut vart 1955 gift med Gunvor Olsen, Bærum f.1914 dotter til Pål Olsen f.1868 og Ragna Magnussen f.1886.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slekten på Kleppe
Digitalarkivet: panteregister, folketeljinger mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Kåre Johan Bakke, 2008: Bråtåslekta
Tor Stallvik, Opplandsarkivet, 1988: Slehta frå Øver Bråtå under Sygard Kleppe

Bråtåhaugen

Gnr. 144 bnr. 13

Hans Abelsen Bråten og Berte Sjulsdotter kan ha vore på øvre eller nedre Bråtå, men det kan også ha vore Bråtåhaugen som den tida vart nemnd som Bråten. Også for dei to neste generasjonane er det usikkert om dei var på Bråtåhaugen. Hans og Berte hadde sonen:

Abel d.ca.1773

Abel Hansen Bråten d.ca.1773 var gift med Imbjør Eriksdotter, dei hadde sonen:

Hans

Hans Abelsen Bråten var gift med Rønnog Arnesdotter, dei hadde dottera:

Ragnhild 1765-1862, neste brukar

Hans vart gift på nytt med Torø Hansdotter.

Ole Gulbrandsen 1766-1834 vart 1798 gift med Ragnhild Hansdotter 1765-1862. Ole var i 1801 husmann under Kleppe. Ole var son til Gulbrand Eriksen 1737-1766 som truleg var son til Erik Gulbrandsen Åsen som i 1762 kjøpte sygard uppistugu Sandbu. Mor til Ole var Imbjør Knutsdtr. Ole og Ragnhild hadde 2 barn:

Marit f.1799-1863, g.m. Syver Knutsen Vadet/Plassen under Sunde 1791-1874

Anne 1808-1875, neste brukar

Anne vart 1830 gift med Erland Olsen Storvikseie Simonnesset 1803-1838 son til Ole Storvikseie.

Anne Olsdotter hadde i 1865 føderåd. Anne og Erland hadde 2 barn:

Ole 1831-1896, neste brukar

Knut 1835-1837

Anne vart gift på nytt med Erik Hansen Moen 1812-1894, skilt

Ole Erlandsen 1831-1896 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han vart 1856 gift med Marit Johannesdotter Vangen f.1827. Marit budde i 1900 på Bråtåhaugsætra i Randsverk saman med sonen Iver som var brukar der. Ole og Marit hadde 4 barn:

Ole f.1855, neste brukar

Johannes f.1858

Erland f.1862

Iver f.1865, i Randsverk i 1900

Ola Olsen Bråtåhaugen 1855-1929 var i 1900 og 1920 husmann med jord. Ola var gift med Mari Eriksdotter Sanden 1856-1893 dotter til Erik Olsen Sanden og Anne Andersdtr. f.ca.1822. Ole og Mari budde på Sanden, dei hadde 3 barn:

Marit f.1882, g. Larsen, Moss. Ho hadde med sjømann Johan Simensen, Drammen sonen
Magnus f.1907

Anders 1884-1948, til Randsverk

Ole f.1887, til Amerika

Ola vart 1898 gift på nytt med Mari Olsdotter Reiret f.1865, dei hadde 3 barn:

Ragnhild f.1896, hadde med Anton Knutsen Ruskeløkken sonen Ola f.1918

Johan 1898-1929

Mari f.1900, hadde med Iver Iversen Saghaugen f.1894 sonen Oddvar f.1926

Mari Olsdotter Reiret hadde før ekteskapet barn med Ole Hansen Håkenstadeie f.1870:

Anne 1890-1969, neste brukar

Bråtåhaugen gnr. 144 bnr. 13 vart frådelt frå sygard Kleppe i 1965 med skjøte i 1966 frå Tor og Tjøstolv Kleppe til Anne Bråtåhaugen. Anne 1890-1969 hadde utan å vera gift, med Hans Olsen Sveen 1892-1979 2 barn:

Maria f.1912, neste eigar

Anna f.1916, g.m. Erling Storsveen, Øyer f.1912.

I 1969 var det skjøte frå Anne Bråtåhaugen til dottera Maria f.1912 og systersonen Oddvar Bråtåhaugen f.1926.

Bjørn Erik Storsveen, Øyer f.1945 overtok Bråtåhaugen i 1997. Bjørn Erik er son til Anna Bråtåhaugen og Erling Storsveen. Bjørn Erik er gift med Liv Lundborg, Kolbu f.1949 dotter til Helge Lundborg f.1920 og Olga Kveen, Eina f.1920. Bjørn Erik og og Liv bur på Gjøvik og har 2 barn:

Nils Erik f.1970

Geir Ivar f.1971

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Tor Stallvik/Opplandsarkivet: Slekta frå Bråtåhaugen

Ruskelykkja – Løkken

Jakob Jakobsen Stavseng 1792-1870 var son til Rannei Olsdtr. Stavseng f.ca.1754 d.1834 og Jakob Christoffersen f.ca.1749 d.1822. Jakob vart 1819 gift med Anne Knutsdotter Kleppeie

Aasen 1794-1864 dotter til Knut Olsen Aasen f.ca.1762 d.1841 og Ingrid Svendsdr. 1765-1821. Jakob og Anne var dei fyrste i Ruskelykkja, dei hadde 4 barn:

Rannei f.1821, truleg til USA

Ingrid 1821-1821

Ingrid 1825-1877, g.m. Ola Imbretsen Sætaflaten Blessomeie 1824-1893

Knut 1825-1891, neste brukar

Knut var gift med Mari Olsdotter Damstuen Øyseie 1825-1898 dotter til Ole Olsen Øyseie f.ca.1789 d.1857 og Anne Nilsdr. Øyseie 1796-1861. Knut og Mari hade 8 barn:

Anne f.1848, til Trondhjem

Ole 1851-1893, g.m. Anne Enersdr. Helle 1862-1932. Til Skjellhaugen.

Anne 1854-1929, g.m. Carl Jørgen Christiansen, Steinkjer 1855-1919. Til Trondheim.

Jakob 1857-1897, g.m. Anna 1854-1927. Til USA. Hadde med Kari Olsdr. Valbjørslykkja
n. 1859-1928 dottera Kari 1879-1969

Mari 1860-1882, g.m. Paul Pedersen Bergehaugen 1853-1918

Ingrid 1863-1942, g.m. Peder Olsen Kleiven f.1865. Til nedre Kjølstad

Knut 1866-1951, neste brukar

Ragnhild 1869-1948, g.m. Ellef Olsen Nyhus 1867-1944. Til søre Sandneshagen

Knut Knutsen 1866-1951 var gift med Anne Christensdotter Helleløkken 1869-1906 dotter til Mari Knutsdr. Helleløkken 1846-1899 og Christen Johnsen Sønsteli f.1845. Knut og Anne hadde 6 barn:

Ragnhild 1889-1948, neste brukar

Knut 1892-1976, g.m. Cathrine (I Drammen)

Mari 1895-1984, g.m. Ola Amundsen Kluftun 1889-1969

Kristian 1897-1898

Kristian 1899-1973

Anton 1901-1982, g.m. Anne Hansdr. Aasen ø. f.1909. Til Åsen ø.

Ragnhild 1889-1948 hadde 1 barn:

Mari f.1917, neste brukar

Faren var Johannes Hansen Teigplassen 1889-1919 som var son til Hans Iversen Teigplassen Nettet 1866-1951 og Mari Johannesdr. Sveen 1864-1957.

Løkken gnr. 144 bnr. 10 vart frådelt frå sygard Kleppe gnr. 144 bnr. 1 i 1950 med skjøte i 1951 frå Gunnar Kleppe til Olav Bakke for kr 3200,-. Olav 1913-1922 var son til Johannes Olsen Bakke, Vestre Toten 1877-1939 og Mari Olsdr. Steinstuen 1882-1954. Olav vart 1939 gift med Mari Løkken f.1917, dei hadde 4 barn:

Margit f.1840

Reidar f.1941, g.m. Anny Wennstrøm f.1948

Johannes f.1944, g.m. Marianne E Sagsletten f.1947

Magnar f.1947, g.m. Hanne Røsjø f.1954

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, Stafsengslekten med forgreininger bl.a. til Ruskeløkken
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bergum søre

Bergum låg i skogteigen til sygard Kleppe, vest og opp for Jukulen.

Knut Bergum vart nemnd på 1740-talet. Han hadde 2 barn:

Guri 1742-1745

Knut f.1747, g.m. Sigrid Andersdtr. f.1755. Til øvre Åsen

Knut Pedersen 1770-1850 var i 1801 husmann på Kleppe. Tor Stallvik nemner at berre Knut Pedersen frå Sandviken passar med alderen, han var son til Peder Syversen Grev 1720-1773 og Marit Pålsdtr. 1718-1796. Knut var gift med Guri Knutsdotter f.ca.1766, ut frå namn kan ho ha ein samanheng med dei som er nemnde tidlegare. Knut og Guri hadde 9 barn:

Imbjør 1793-1868, g.m. Peder Olsen Skultbakken 1789-1858

Anne 1796-1844, g.m. Ola Olsen Øvre 1795-1851. Til Grønlykkja u. Sandbu

Marit f.1798

Knut 1799-1873, neste brukar

Peder 1802-1821

Hans f.1806, g.m. Kari Olsdtr. Søremsie 1796-1882. Til Sveahaugen.

Ragnhild f.1806

Guri 1810-1877, g.m. Erik Hansen Bjørgen 1808-1881

Marit f.1810, seinare brukar

Knut Knutsen Kleppeieiet vart 1823 gift med Ingri Eriksdotter Sveeiet Sjevolden 1801-1867. Frå 1823 til 1831 var dei husmannsfolk på Kleppeie. Familien flytta til Namdalen i 1832, men budde på Sveeie i 1834. Frå 1837 var dei husmannsfolk på Skjellum/Sandbueie. Knut og Ingri hadde 6 barn:

Knut 1823-1848, g.m. Anne Hansdtr. Skjellum f.1825, Anne g.2.m. Ole Tordsen Skjellum.

Erik f.1825, g.m. Rønnaug Stenersdtr. Rottensbakken 1833-1868, g.2.m. Guri Hansdtr.

Snerleeie f.1833

Peder f.1831, til Lom 1854

Jo f.1834, g.m. Marit Paulsdtr. Krokrom 1843-1899. Husmann på Skjellum i 1865.

Marit f.1837, til Amerika 1861

Guri f.1843, g.m. Tor Hansen Svendstad f.1848. Til Kristiansund 1875.

Syver Jakobsen f.1816 var husmann med jord i 1865. Syver var son til Jacob Flaten. Syver Jacobsen Flaten vart 1837 gift med Marit Knutsdotter Bergum f.1810 dotter til Knut Pedersen Bergum. Syver og Marit reiste til Amerika i 1873 og truleg var desse dei siste på søre Bergum. Syver og Marit hadde 6 barn:

Jakob f.1838, sjå nedanfor
Guri f.1841, til Amerika 1866
Mari f.1844, g.m. Ola Iversen Ulsletten f.1842. Til Amerika i 1874.
Knut f.1846, til Amerika 1870
John f.1849, til Amerika 1869
Anne f.1853, til Amerika 1873

Jakob Syversen f.1838 vart 1864 gift med Anne Iversdotter Skotlieneie f.1837 dotter til Iver Eriksen Skotlieneie. Jakob og Anne budde på Bergum i 1865, familien utvandra til Amerika i 1871. Jakob og Anne hadde 5 barn:

Syver f.1863
Mari 1865-1867
Knut 1866-1868
Marit 1869-1870
Iver f.1871

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Tor Stallvik / Opplandsarkivet Vågå: Ætta frå søre Bergum

Bergum nördre

Nördre Bergum var husmannsplass under sygard Kleppe. John Olsen f.1793 var i 1865 enkjemann og føderådsmann. Jon Olsen Øjseie f.1793 var frå ein plass under nigard Øy son til Ole Toresen og Åste Jonsdr. Jon vart 1818 gift med Brith Syversdotter Lundeeie Lundehaugen 1792-1852 dotter til Syver Eriksen og Marit Knutsdr. Ved barnefødsel i 1818 var dei på Sandboeie, medan dei i 1822 var på Kleppeeie som truleg var nördre Bergum. John og Brith hadde 3 barn:

Marit 1818-1823
Mari f.1822
Syver f.1825, neste brukar

Syver Johnsen Bergum f.1825 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Bergum under sygard Kleppe. Syver vart 1849 gift med Thora Olsdotter Stokstadeie f.1824 dotter til Olsen Johnsen Stokstadeie og Ragnhild Knutsdr. Åsen. Syver og Thora hadde 7 barn:

Marit f.1850, til Rennebu 1866
Ragnhild f.1852
Bridt f.1855, til Rennebu 1871
John f.1857, til Rennebu 1878
Ole f.1860, til Amerika 1882
Knut 1863-1954, til Rennebu 1882. Til Amerika.
Mari f.1866

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Tor Stallvik / Opplandsarkivet: plassen nordre Bergum

Granheim

Granheim gnr. 144 bnr. 6 vart 1927 frådelt frå sygard Kleppe med skjøte frå Ola Åsen til Anton Berget for kr 500,-. Anton Berget kjøpte jord og dyrka og bygde hus. Anton Berget, Nord-Fron 1896-1989 var son til Amund Berget og Mari Tangen. Anton vart 1924 gift med Barbro Knutsdotter Bråten ø. 1895-1978 dotter til Knut A Bråten 1872-1956 og Ragnhild Olsdr. Øygarden 1874-1956. Anton og Barbro hadde 2 barn:

Arne f.1926, neste brukar

Ragnhild f.1929, g.m. Anders O Sveen, Lom 1916-1996

Arne overtok etter faren i 1970.

Eigar frå 1995 er Barbro Mette og Svein Erik Tande. Barbro f.1966 er son til Ragnhild Granheim og Anders Sveen og overtok såleis etter onkelen. Barbro vart 1986 gift med Svein Erik Tande, Lom f.1964 son til Tom Olsen Lunna, Lom f.1926 og Vigdis Nilsen, Nittedal f.1948. Barbro og Svein Erik har 3 barn:

Vegard f.1986

Steinar f.1986

Ragnhild f.1997

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nyheim

Nyheim gnr. 144 bnr. 8 vart frådelt frå sygard Kleppe gnr. 144 bnr. 1 i 1931 med skjøte frå Ola Thorsen Kleppes arvingar til Olav Nyløkken for kr 2540,- og iflg. Norske gardsbruk vart det bygd våningshus og uthus det året. Olav kjøpte i 1933 G-Moen i Vågåmo. Olav vart 1926 gift med Marit Sandviken, dei hadde 2 barn:

Margit

Arne Jorleif

I 1936 var det skjøte frå Olav Nyløkken til Ivar J Stadeløkken for kr 4500,-. Ivar 1897-1988 var son til Jakob Stadeløkken og Gunhild Ulebråten. Ivar vart 1933 gift med Marie Ripstrand 1901-1972, dei hadde 2 barn:

Gunhild f.1933, g.m. Melvin Kveum

Ragnar Olav f.1937, neste brukar

Ragnar Olav overtok i 1974.

Eigar frå 1997 er Marit Steen, Fåberg f.1958 dotter til Jens Gruven f.1926 og Ragnhild Kringlethaugen, Heifal f.1928. Marit vart 1978 gift med Einar Steen f.1955. Einar eig Steinen gnr. 66 bnr. 27 og familien bur der. Marit og Einar har 2 barn:

Lene f.1978

Wenche f.1980

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.